



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8241 - 23/44927

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
08.06.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 146/6 Fosse ytre

Tiltak: Bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 146/6
Tiltakshavar: Tonny Andre Dale
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar supplering av søknad 21.04.2023.

Det er søkt om dispensasjon frå blant anna rekkefølgekravet knytt til utbetring av Fv 404. det vert argumentert med at planlagt brukermasse vil komme sjøvegen. Vi ber difor om at det vert lagt fram avtale med grunneigar/skildring av løysing med omsyn til kor brukermasse skal hensette bil i forbindelse med at ein besøker/nytter garveriet?

Uavhengig av kor de vel å tilby parkering til besøkande så er kravet til parkering for lokale nytta til forsamling og servering definert i KDP pkt. 2.6.5 og denne set eit minimumskrav på 3 plassar og maksimumskrav på 5 plassar per 100 m² bruksareal og minimum 5% av parkeringsplassane skal vere tilrettelagt og reservert for rørslehemma.

Vi har gått gjennom motteken dokumentasjon, men kan ikkje sjå at det er opplyst kor stort areal det er søkt å bruksendre. Vi har berre motteke planteikning for plan 2, jf. teikningsnr A1-102E og legg til grunn at søknad om bruksendring berre gjeld dette planet. Vi ber om at de opplyser om bruksarealet på dette planet.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opplysning om kor det er planlagt at brukarar av bygget skal parkere og også avtale med grunneigar.
2. Opplysning om storleik på arealet som er søkt bruksendra.

Kommunen ber om at tilleggsm informasjon vert sendt inn samla innan 07.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tonny Andre Dale	Flatøyvegen 57b	5918	FREKHAUG
------------------	-----------------	------	----------

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--	------------	------	----------